



bli eit solid prishopp. (Arkivfoto).



PRINSIPP: Hans Petter Boge og Karin Seeberg frå Eidsvik på Halsnøy blei i haust eigarar av el-bil, som så mange andre halsnøybuar. Dei er likevel ikkje nögde med at prisane blir skrudd opp i Halsnøytunnelen, og meiner det er eit viktig prinsipp at ein skal koma seg til sitt eige kommunesenter utan å betala skjorta.

som gjekk kjøpte paret seg el-bil.

– Svært mange på Halsnøy har el-bil, og det er slett ikkje rart så lenge ein kan passera gratis med den gjennom tunnelen. Det er viktig å understreka at vi ikkje er imot bompengar, vi skjønar sjølv sagt at det må til for å betala slike prosjekt. Men Halsnøy-tunnelen er alt i utgangspunktet dyrare enn mange liknande prosjekt, så det er heilt feil veg å gå å skru opp prisane endå meir, meiner Seeberg.

– Og årsaka til at ein skru opp prisane i dette tilfellet handlar heller ikkje om Halsnøysambandet, men om ei nasjonal standardisering. Ein tar ikkje omsyn til lokale og praktiske konsekvensar, og då slår det i alle fall feil ut, legg Boge til.

takstgruppe 1 og 192 kroner per køyretøy i takstgruppe 2. Dette tilbodet vil falla bort. I staden for vil ein automatisk få 20 prosent rabatt om ein har gyldig autopassbrikke, og rabatten vil gjelda alle bompengestasjonar som har lagt om til nytt system. Men den vil berre gjelda små køyretøy, altså takstgruppe 1. For tunge køyretøy vil høvet for nokon form for rabatt falla bort. Det betyr at dei som i dag har den lokale avtala med Halsnøysambandet vil få ein auke i pris på 11,20 kroner per tur for takstgruppe 1 og ein auke på 53 kroner per tur i takstgruppe 2. Altså frå 60 til 71,20 kroner og frå 192 kroner til 245 kroner.

– I dette arbeidet har det vore utfordrande å sikra at inntektene til bompengeselskapet ikkje skal verta vesentleg endra. Det er òg føreslått at ein justerer prisane til Halsnøytunnelen i tråd med veksten i konsumprisindeksen. Her har taksten ikkje blitt endra sidan tunnelen blei opna, forklarer Kristian Bauge i Statens vegvesen. Vegvesenet har difor sendt eit forslag til prisjusterte takstar til Kvinnherad kommune, som skal gjelda når dei nye endringane for bompengetakst trer i kraft. Dersom kommunen vedtar desse takstane, blir difor prisane høvesvis 94 kroner og 259 kroner per tur utan brikke, og 75 kroner per tur med brikke (små køyretøy med autopass).

– Forslaget til nytt system er no ute på høyring i kommunane. Sidan skal det vidare til fylket for behandling. Det er lagt opp til at endringane skal tre i kraft mot slutten av året dersom kommunen og fylket vedtar omlegging av takst- og rabattsystemet, seier Bauge.

Kystsogevekene

Kystsogevekene går i år frå 12. august til 17. september. Opninga er lagt til Strusshamn på Askøy. For dei som går svanger med eit potensielt arrangement er det no tid for å starta planlegginga. Ta gjerne kontakt med dagleg leiar for Kystsogevekene, Kjell Magnus Økland, for å drøfta idear. Han minnar elles om at leveringsfristen for det som skal med i programheftet i år er 1. mai, medan fristen for å søka arrangementsstønad frå Kystsogevekene er 1. juni. Kystsogevekene går føre seg i 22 kommunar frå Gulen i nord til Sveio i sør og du finn meir informasjon på www.kystsogevekene.no

Køyrt i 81 i 60-sona

DIMMELSVIK: Då Utrykkingspolitiet (UP) hadde kontroll i 60-sona i Dimmelsvik onsdag, skrev dei ut heile åtte førellegg til bilistar som køyrt for fort. Ein førar køyrt i 81 kilometer i timen.

– Dette bekreftar det Kvinnherad-politiet også har merka seg, at farten til mange er for høg. Vi set pris på samarbeidet med UP-patruljen i Hardanger, og vi kjem også til å følgja opp med fleire kontrollar. Vi kjem til å kalla inn sjåførane som utmerkar seg til samtale, og spesielt retta fokuset mot yngre førarar i risikogruppa. Der det er reduserte fartsgrenser er det ein grunn til det, åtvarar politioverbetjent Sigurd Børve.

Vil bli 80.000 kroner dyrare årleg

Grønnevik transport på Bremnes leverer dagleg isoporkasser til Viking Fjord, og vil få betydeleg auka utgifter med dei nye takstene.

– Vi har 600 turar til Kvinnherad årleg. Med dei prisene du oppgir, vil det bety auka utgifter på nesten 80.000 kroner i året for oss, då vi i dag betalar 192 kroner per veg, seier Egil Grønnevik, dagleg leiar i Grønnevik transport.

Han meiner at det er naturleg å diskutera ei prisfordeling med produsentane av kassene, og med kundane.

– Men vi veit jo at dette med kven som skal ta utgiftene vil bli ein kamp, sånn er det alltid. Så i utgangspunktet vil nok ein slik prisauke bety direkte utgifter for oss, utgifter av eit betydeleg slag, seier han.

Kan bli slutt på pass i Kvinnherad

Politiet sitt arbeid med å skriva ut pass skal moderniserast som følgje av nye krav. Som eit ledd i arbeidet blir organiseringa endra ved kontora der ein i dag kan søkja, og truleg vil talet kontor der ein kan få utskrivne pass, bli kraftig redusert. I følgje Avisa Hordaland har ei arbeidsgruppe i Vest politidistrikt føreslått å fjerna 23 av 30 passkontor i Hordaland og Sogn og Fjordane, noko som vil bety at det i Hordaland berre vil vera mogleg å få passet utskrivne i Bergen, Lindås og i Odda. Avgjersla om organisering og lokalisering vil bli gjort i midten av april.